



N  
o  
k.

Sogn og Fjordane

Kompetansesenter  
mot seksuelle overgrep



Ingen skal  
bli utsett for  
seksuelle  
overgrep




Årsmelding 2020



## Innhold

Innleiing	4
Vi takkar	7
Helsing frå Nok. Norge	8
Organisasjon	9
Økonomi	11
Tilsette	12
Tilbod & tilrettelegging	12
Brukarmedverknad	17
Lokale	17
Kompetanse	18
Informasjonsarbeid	19
Arbeid, utvikling og samarbeid	21
Revisjonerklæring og årsrekneskap	23
Resultatregnskap	24
Balanse	25
Notar	27



# Innleiing

Heile verda er einige om at 2020 har vore eit annleis år – det har det og vore for oss. Ein pandemi endra kvardagen vår, måten å tenkje på, måten å samarbeide på og utfordra oss på å finne alternative løysingar.

Det er svært oppmuntrande å sjå kor utholdande og løysningsorienterte dei tilsette på senteret og våre samarbeidspartar har vore.

Då store delar av landet stengde ned i mars 2020, måtte vi tenkje alternativt. Korleis skulle vi ta vare på vår brukargruppe og sjå til at dei fekk den hjelpe dei trengde til tross for ned stenginga? Vi var tidleg ute med informasjon og tryggle brukargruppa på at vi ville vere tilgjengeleg også i denne perioden.

Vi delte den vesle arbeidstokken vår i to kohortar, slik at det til ei kvar tid var nokon på senteret. Vi tok einesamtalar på telefon og møtte brukarane utanfor huset i dei periodane det ikkje var tilrådd med fysisk oppmøte, og fekk raskt på plass smitteverns-tiltak på senteret.

Senteret har ikkje vore stengt ned i det hele i 2020. Til tross for at skulane stengde og all førebyggjande undervisning måtte avlysast i ein periode, så fekk vi gjennomført nesten all undervisning i grunnskulen etter at dei opna att. Skulane var fantastiske og la til rette for at vi skulle kunne kome og undervise. Bodskapen frå skulane etter nedstenginga var at det var viktigare enn nokon gong at vi kom og underviste. Dei tilsette på senteret «bretta opp ermane» og vi kom nesten heilt i mål med undervisning til alle på 6. trinn i Sogn og Fjordane. Når sommarferien kom var det berre tre skular vi ikkje rakk å gjennomføre.

Vi har også fått teste oss på å halde föredrag digitalt, og sjølv om vi likar best å treffen dei vi snakkar til så har vi erfart at det er ein måte å nå fram på når det ikkje er mogleg å møtest fysisk.

Noko av det vi kan sjå tilbake på som positivt i 2020 er at vi har gjennomført fleire samarbeidsmøte rundt einskildbrukarar enn nokon år tidlegare. Det kan sjå ut til at mange hjelpeinstansar har fått ny lærdom i å bruke digitale plattformar for samarbeidsmøte, og at det då er enklare å få til møte mellom fleire instansar. For oss har det gjort til at vi samarbeider med fleire hjelpeinstansar rundt brukarane, og at brukarane då får eit betre tilbod, ved at dei ulike aktørane snakkar saman.

På senteret har vi opplevd den største pågangen nokon gong.

På senteret har vi opplevd den største pågangen nokon gong.

I 2020 har vi hatt 53 heilt nye brukarar. Vi kan ikkje med sikkerheit sei at det skuldast tida vi er i, men vi har gjort oss nokre tankar. For mange er det ei vanskeleg tid. Kvardagen er snudd på hovudet, og faste rutinar er kanskje riven bort. Vi opplever at mange er einsame og slit for seg sjølv. Vi har sett gjennom året at fleire gamle brukarar har tatt opp igjen kontakten med senteret, dei treng nokon å



snakke med og formidlar at vonde tankar kjem opp att fordi dei er meir einsame og mindre sosial. Heilt nye brukarar har og formidla til oss at mykje av årsaka til at dei tek kontakt akkurat no er at dei har hatt mykje aleinetid og at mørke hemmelegheiter forringar tankane deira.

Vi har lenge snakka om å klare å samle ulike verktøy for hjelpe til sjølvhjelp på ein plass. Dette er verktøy som vi gjennom åra har nytta oss av saman med brukarane, både i samtale, men også der brukarane kan jobbe vidare heime for seg sjølv. 2020 vart året der vi klarte å realisere tankane frå ord til handling. Vi såg og at dette var året der det kunne vere nyttig å få dette på plass, og at det ville vere ekstra bra å få dette som eit digitalt hjelpeverktøy. Vi er stolt over å kunne presentere digital sjølvhjelp, som ligg tilgjengeleg for alle på heimesida vår.

## Vi var Smiso Sogn og Fjordane – no er vi Nok. Sogn og Fjordane

I dette annleisåret har vi og skifta namn og profil, Smiso SF heiter no Nok. Sogn og Fjordane. Hausten 2020 vart dei 17 sentera mot seksuelle overgrep som er medlem av paraplyen Nok. (tidlegare Fmso), samla under ein einsarta logo og profil. Målet med profilendringa er auka brukarvenlegheit og betre tilgjenge for brukarane over heile Noreg.

### Ein felles profil skal blant anna føre til:

- at fleire i målgruppa får kjennskap til tilbodet
- betre tilgjenge på nett med felles nettsider for alle sentera
- tydeleggjering av at det finnast tilsvarande tilbod over heile landet
- betre landsdekkande kommunikasjon om tilbodet gjennom felles kampanjar, brosjyrar m.m.
- betre brukarrettar gjennom synleggjering av sentera sitt felles etiske og faglege grunnlag

Ordet «nok» representerer ikkje ei forkorting, men kva vi jobbar med. Nok. signaliserer eit tydeleg stopp-punkt og speglar sentera sin felles visjon «Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep». Samstundes viser namnet til målgruppa si eigenkraft og styrke. Eit stopp-punkt markerer også endring, håp og framtid i tråd med vårt slagord «Saman finn vi vegen vidare».

Saman jobbar vi for ei betre framtid for den som har blitt utsett, og for å hindre at nye overgrep skjer.

Logoen er utarbeida etter stikkorda tydeleg, ærleg, direkte, mangfold og bevegelse, og speglar sentera som inkluderande og tverrfaglege lågterskeltilbod med høg kompetanse. Tilboden vårt er gratis og inneber blant anna einesamtalar, gruppessamtalar og sosiale tilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Samstundes jobbar vi med førebyggjande arbeid i våre tilhøyrande kommunar.

Å endre profil er ein stor jobb, og vi har jobba mykje med profilendringa i 2020. Alt frå ny nettside, informasjonsmateriell, dørskilt og brevark skulle på plass, og ikkje minst så skulle vi nå ut med informasjon til både nye og gamle brukarar og samarbeidspartar. I tillegg var vi også frå 2020 to senter i same fylke pga. samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke.

I samband med namneendringa, ~~søkte vi profesjonell hjelpe~~ Vi var så heldige å få hjelpe av kommunikasjonsrådgjevar Anne Mette Hjelle. Ho har blant anna hjelpt oss med:

- Korleis få kjennskap og kunnskap ut i Vestland fylke?
- Korleis marknadsføre seg?
- Korleis kommunisere?
- Innlegg og workshop for alle tilsette ved sentera i Sogn og Fjordane og Bergen.

**...namneendringa, var vi så...**

- Samkøyre arbeidet i Vestland med både Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane.
- Tidsplanar, retningslinjer og kanalstrategi for kommunikasjon.
- Ein plan for implementering av nytt namn og ny visuell profil på alle flater og mot alle målgrupper.
- Plan for vidare arbeid etter lansering nasjonalt.

Det har vore ei lærerik og spanande reise, og hjelpa frå Anne Mette har vore avgjerande for oss. Høgdepunktet var den nasjonale lanseringsdagen den 19. november då nye nettsider offisielt opna og kampanjefilmen vart lansert. Det vart køyrd ein større kampanje desse dagane, i hovudsak på Facebook og Instagram. Nok. Norge kjøpte og plass på reklameskjermar på legekontor over heile landet, fekk vist filmen på TV Norge og TV2 1. juledag.

Den felles profilen er vårt ansikt ut og det mest synlege ved fellesskapet. Vi ønskjer å synleggjere at vi følger ein felles plattform og etiske retningslinjer, og at vi jobbar saman i eit fagleg fellesskap for å oppretthalde og vidareutvikle tilbodet. Lokalt fekk vi mykje medieomtale både i lokalaviser og i NRK Vestland, samt på kommunale nettsider. Vi jobba og målretta i sosiale media, og fekk på kort tid dobla tal følgjarar på Facebook, samt oppretta Instagram profil.

## «Alt det jeg er»

Lite visste vi i februar at det ville bli få konferansar gjennom året. Vi er difor ekstra glade for at vi saman med SLT teamet i Sunnfjord kommune fekk arrangert visning av filmen «Alt det jeg er», med påfølgjande innlegg og refleksjonar v/regissør Tone Grøttjord-Glenne og Inge Nordhaug frå RVTS Vest i februar. Representantar frå Statens Barnehus, politi, overgrepsmottaket, barneværn, kommunen og Nok. var og til stades og tilgjengelege for spørsmål i etterkant av filmen.



*«ALT DET JEG ER» er filmen om Emilie; «Hva om du ikke fikk snakke om det vondeste i livet ditt, men allikevel fortalte alt. Emilie er 18 år og bærer på en barndom preget av overgrep, frykt og taushet. Hun ønsker å ta et oppgjør med den vonde barndommen, men møter en vegg av stillhet. Er det mulig å gå videre i livet uten å bli sett eller hørt? ALT DET JEG ER viser for første gang konsekvenser av seksuelle overgrep fra barndommen sett utelukkende gjennom øynene til et ung menneske. Dette er historien om en usedvanlig modig ung kvinne på vei til forsoning. Filmen følger henne fra hun er 18 til 20 år og viser hvor viktig det er for Emilie å stå frem med sin historie, og hvor vanskelig det er for samfunnet å ta imot henne. Emilie fikk ikke snakke om fortiden med sin mor og sine søskener, lærerne på skolen ville ikke at hun skulle snakke om overgrepene med klassekameratene og det offentlige hjelpeapparatet ønsket å fokusere på fremtidens muligheter. Hun skulle se fremover, starte på nytt! Men er det mulig å starte på nytt når du ikke får være ALT DET DU ER?»*

Nok.

Oppmøtet var overveldande og syner at interessa for temaet er stort. Kinosalen i Førdehuset var fullsett, og ekstra kjekt var det at det var mange ulike instansar som kunne samlast for å sjå og høre bodskapen saman.

## Vi takkar

Vi er stolte over det førebyggjande arbeidet senteret har til grunnskulane i fylket. Dette arbeidet hadde ikkje vore mogleg utan støtte frå Vestland Fylkeskommune og ikkje minst gavemidlar frå privatpersonar. Tusen takk til dykk som gjer det mogleg for oss å halde fram med dette viktige og helsefremjande førebyggjande arbeidet.

I 2020 har vi undervist 102 klassar i grunnskulen i Sogn og Fjordane. Vi har avdekkta overgrep, forhindra overgrep, og gjort mange betre rusta til å sette eigne grenser og vite kva ein skal gjere dersom ein opplever vanskelege og vonde hendingar i livet.

Vi vil og nytte høve til å takke våre samarbeidskommunar, fylkeskommunen, Helse Vest og Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet for stønad. Vi vil takke RVTS Vest (Regionalt ressurssenter om vold, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging) ved Inge Nordhaug og psykolog Wenche Sovik Myklebust for fagleg og personleg rettleiing og kvalitetssikring av arbeidet vårt. Takk til sexolog Kjellaug Fredly. Takk til KS Sogn og Fjordane, for hjelp til å sette arbeidet Smiso SF gjer på dagsorden i kommunane. Takk til advokat Lene Knapstad som gjev gratis juridisk rådgjeving til brukarane av senteret.

Anne Mette Hjelle må vi takke for eineståande hjelpe med lokale tiltak i samband med profilendringa vår. Ho har vore opptatt av at kommunikasjonen og bodskapen vår skal treffe dei ulike brukarbehova, og finne dei mest effektive kanalane og verkemidla. Vi hadde ikkje vore der vi er i dag utan hennar kompetanse og hjelpe. Det har vore ei stor trygghet og svært støttande å ha Anne Mette ved vår side gjennom denne prosessen.

Ein takk til Nok. Sogn og Fjordane sitt engasjerte styre og takk til alle fagleg dyktige medarbeidarar ved senteret. Ein spesiell takk går og til brukarrepresentanten vår som gjer ein framifrå jobb for senteret og for brukarane ved senteret. Sist, men ikkje minst – takk til brukare ved senteret som har arbeida målbevisst for å få eit betre liv gjennom bearbeiding av seksuelle overgrep.

Sjølv om vi har bytta namn og profil i 2020 er det viktig for oss å formidle at innhaldet i tilbodet vil framleis vere det same, og vi ser fram til å ønskje både tidlegare og nye brukare og samarbeidspartar velkommen under ny profil og logo.

Tusen takk til dykk som gjer det mogleg for oss å halde fram med dette viktige og helsefremjande førebyggjande arbeidet.



CHATRINE ELHOLM  
dagleg leiar

# Helsing frå Nok. Norge

## Tilbakeblikk på 2020

2020 ble alt annet enn forutsigbart og sosialt, og vi håper at avlyst Landskonferanse og digitale ledernettverk kun blir noe vi forbinder med fjaråret.

En pandemi til tross - det største som skjedde i 2020 var at vi fikk nytt navn og ny profil! Det har vært et omfattende arbeid, men også utrolig givende og gøy! Høydepunktet kom den 19. november da sidene offisielt åpnet og kampanjefilmen ble lansert. Vi kjørte en kampanje på Facebook og Instagram, kjøpte reklameplass på legekontor over hele landet og fikk vist filmen på TV Norge og TV2 1. juledag. Kampanjen er muliggjort med prosjektmidler fra Kriminalitetsforebygging, og laget av Per Høj. Den grafiske profilen og nettsidene er det Bardus som står for, mens Trigger var ekstern konsulent i arbeidet med nytt navn. Sunniva Lundh fra Nok. har vært prosjektleder for det hele.

Det har vært mange positive tilbakemeldinger fra sentrene, publikum og samarbeidsparter på det nye navnet. Det var likevel ikke alle som sluttet seg til endringen, og vi opplevde fire utmeldinger i 2020. Vi ønsker dem lykke til med arbeidet utenfor paraplyen, og ser frem til videre samarbeid i fremtiden. Det kom også en ny innmelding som følge av arbeidet, og vi er glade for å ønske Nok. Drammen velkommen til oss.

## Faglig utvikling

Den felles profilen er vårt ansikt utad og det mest synlige ved fellesskapet. Vi ønsker å synliggjøre at vi jobber sammen i et faglig fellesskap. Derfor fikk vi i 2020 på plass kriterier for medlemskap og en etisk plakat som er bindene for alle medlemssentre, sammen med faglig plattform. Dette er for å ivareta brukernes tillit til tilbuddet, og er verktøy for å utvikle tilbuddet og sikre likeverdig behandling.

## Finansiering

På tampen av 2019 fikk Bufdir i oppdrag fra Barne- og familidepartementet (BFD) om å utrede finansieringen av sentrene mot incest og seksuelle overgrep. Nok. støtter hovedbefalingen i rapporten om full statlig finansiering, men ser det som nødvendig at den totale potten økes for å unngå at store sentre må bygge ned tilbuddet. Staten bør dessuten løfte de minste sentrene slik at de kan tilby brukere likeverdige tjenester som de større sentrene. Bufdir og Nok. har sendt sine anbefalinger til departementet, og vi er spent på det videre arbeidet.

I statsbudsjethøringene adresserte vi vår bekymring for driften ved flere sentre. Flere kommuner og fylkeskommuner har varslet kutt i sentrene sine budsjett, enten p.g.a. kommunenesammenslåing, fylkessammenslåing eller covid-19. Vi ba Familie- og kulturkomiteen om å innstille på at det statlige tilskuddet fra Bufdir i 2021 opprettholdes også ved en reduksjon i de kommunale tilskuddene. Vi registrerer at departementet har oppfattet alvoret i saken ved at de har sendt en henvendelse til sentrene via Bufdir for å undersøke situasjonen nærmere.

Vi ser tilbake på et år som har vært preget av en pandemi, og det er all grunn til å tro at den blir med oss godt inn i 2021. Utsatte og pårørende for seksuelle overgrep trenger likevel et tilbod som er tilgjengelig, likeverdig og trygt, og dette fortsetter vi å jobbe med. Vi ser frem til å jobbe videre med implementeringen av den nye profilen, og for at ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep.

Oslo, 10. februar 2021  
INGVILD HESTAD TORKELSEN  
Daglig leder, Nok. Norge

*det største som skjedde i 2020 var at vi fikk nytt navn og ny profil!*

# Organisasjon

## Formål og virkefelt

Nok. Sogn og Fjordane har som formål og gje hjelpe til sjølvhjelp for menneske utsett for seksuelle overgrep og deira pårørende.

Nok. skal kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep ved å synleggjere og motarbeide forhold i samfunnet som legitimerer, underbygger og opprettheld overgrep.

Nok. skal arbeide for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og overgrepsutsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.

Nok. skal vere eit lågterskelttilbod utan krav til tilvising.

Nok. skal samarbeide med offentlege hjelpearapparat og andre aktørar som arbeider med overgrepsproblematikken.

Nok. skal i sitt arbeid vere partipolitisk nøytrale og ikkje vere tilknytt bestemte organisasjonar eller trussamfunn.

er oppnemnd av Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), ein er oppnemnd av styret og skal ha særleg fagkunnskap, ein er oppnemnd av brukarane og ein av dei tilsette.

## Styret har vore samansett slik i 2020:

- Leiar: Kurt Even Andersen (Kommunalsjef for helse og sosial, Sunnfjord kommune)
- Styremedlem: Trude Merete Lundekvam (Tilsette representant)
- Styremedlem: Gro Anita Solheim (Brukarrepresentant)
- Styremedlem: Inge Nordhaug (Særleg fagkompetanse, RVTS Vest)
- Styremedlem: Frode Kyrkjebø (Dagleg leiar KS Vestland)
- Dagleg leiar Chatrine Elholm, er sekretær for styret, utan stemmerett.

Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftelses-tilsynet.

Eksterne medlemmar av styret får møtegodtgjersle på kr 1500 pr. møte, styreleiar får eit tillegg på kr 900 pr. møte.

## Nok. Norge

Nok. Sogn og Fjordane er medlem av paraplyorganisasjonen Nok. Norge. Paraplyorganisasjonen til Nok.-sentra jobbar for at personar som har vert utsett for seksuelle overgrep og deira pårørende skal få eit likeverdig tilbod uansett kven dei er og kvar i landet dei bur. Paraplyen jobbar vidare for at ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep og for at barn, unge og vaksne skal ha god kunnskap om seksualitet og vald. Gjennom paraplyen er vi med å sette dagsorden gjennom å delta i samfunnsdebatten, svale på høyringar, gje politiske innspel og delta i utval og referansegrupper.



## Organisasjonsform

Senteret vart stifta i 2012. Nok. Sogn og Fjordane er ei privat stifting som drivast med offentlege midlar. Nok. Sogn og Fjordane har eit styre samansett av fem personar, der ein er oppnemnd av Sunnfjord kommune, ein

## Vertskommune

### Sunnfjord


1.januar 2020 vart Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til Vestland fylke, fleire kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane vart også slått saman frå 2020. Vår tidlegare vertskommune Førde vart slått saman med Naustdal-, Jølster-, og Gauldalskommune til Sunnfjord kommune frå 1. januar 2020.

Sunnfjord kommune er såleis senteret sin vertskommune og har eit særleg ansvar for senteret si drift. Kommunen har gjort det kjend for senteret at den kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Senteret har ikkje hatt behov for eller bedt om slik bistand i 2020.



### Samarbeidskommunar i 2020

Etter samanslåinga av kommunar 1.januar 2020 ser «kartet» slik ut, og dette er våre samarbeidskommunar frå 2020.



## Økonomi

### Finansiering

Nok.-sentera opererer med ein finansieringsmodell der inntil 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helseføretak og fylkeskommune. I 2020 fekk vi stønad frå 17 kommunar i

Vestland fylke. Det er alle kommunane som tilhørar vår region i tidlegare Sogn og Fjordane. I tillegg fekk vi tilskot frå Vestland Fylkeskommune og Helse Vest. Tilskota til drift fordelte seg slik i 2020:

	2020	2019
Samarbeidskommunar	638.334	539.425
Vestland fylkeskommune	130.000	100.000
Helse Vest	110.000	90.000
Statstilskot	3.261.066	2.917.700
<b>Totalte inntekter:</b>	<b>4.139.400</b>	<b>3.647.125</b>
Andre tilskot/gåver	3.655	35.726

Gåver og andre inntekter utløyer ikkje stats tilskot.

At alle kommunane støttar senteret tek vi som ei stadfesting på at kommunane ser på Nok. som eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Det er eit tilbod som gjev kommunane tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt.

Revisjon er gjennomført av BDO AS



## Tilsette

Vi har dei siste åra hatt ein krevjande bemaningssituasjon då ei av våre tilsette vart råka av alvorleg sjukdom. Vi har gjort det vi kan for at dette ikkje skal gå utover brukarane og kvaliteten på tilboda våre. I store delar av denne tida har vi vore så heldig å ha Elin Vie inne som vikar. Frå sommaren 2020 kunne vi tilby Elin 50% fast stilling, då vi fekk ekstra tilskot frå Bufdir for å auke bemanninga på senteret. Elin jobbar 100%, der 50 % er vikariat for sjukmeld tilsett.

Alle dei fem tilsette er kvinner. Dei tilsette har alle utdanning og ulik erfaring og

kunnskap for å kunne gje eit best mogleg tilbod til brukarar og til samarbeidspartnerar.

Dei tilsette vert lønna ut i frå Sunnfjord kommune sin lønnspolitiske plan.

Nok. Sogn og Fjordane har teikna ulykke/yrkesskade og reiseforsikring for dei tilsette hjå KLP Skadeforsikring. Med KLP Bedriftspensjon har vi inngått avtale om innskotspensjon for dei tilsette. Denne vart i 2020 overført frå KLP til DNB, då DNB Liv kjøpte opp KLP Bedriftspensjon. Dei tilsette har gruppelivsforsikring hjå Frende forsikring.



Elin Nikoline Vie, Siv Berit Holme, Trude Merete Lundekvam og Siri Helene Haugland

## Tilbod & tilrettelegging

### Brukarar

Når ein person blir utsett for overgrep, råkar det heile familien. Nok. Sogn og Fjordane ønskjer at alle som vert råka får den hjelpa dei treng når dei treng den. Senteret ønskjer å gje eit godt tilbod, uansett alder, kjønn, bakgrunn og bustad.

Nok. Sogn og Fjordane gjev og tilbod til brukarar under 18 år, men då i samarbeid med relevante instansar i kvart einskild tilfelle.

- mellom  
rom

Vi har gjennom året hatt 830 einesamtalar med utsette og pårørande, noko som er ei auke på ca. 15% frå året før då vi hadde 724 einesamtalar. Den store auken i kontakt med senteret held fram. Dei tre siste åra har det vore ei auke på over 60%, auka frå 2019 til 2020 har vore på 13,5%. Vi tenkjer at årsaka for det meste skuldast at fleire kjenner til oss og veit kva vi kan tilby, men for 2020 så antar vi at auka også skuldast korona. Vi har gjennom året sett at fleire tek kontakt fordi dei kjenner seg einsam og har vore mykje aleine med tankane sine.

## Tilboda våre

Mange opplever å miste ei kjensle av tryggleik etter seksuelle overgrep. Ved å gripe tak i det som er tøft, kan ein ta denne kjensla attende. Vi jobbar for ei betre framtid for dei som har blitt utsett, og for å hindre at nye overgrep skjer. Med fagleg tryggheit, omsorg og personleg kompetanse hjelper vi utsette å bearbeide det som er vanskeleg.

Seinverknadar etter seksuelle overgrep kan vere mange, som ulike psykiske problem, konsentrasjons- og lærevanskar, dårleg sjølvbilete, rusmisbruk, angst og depresjon. Det er normale reaksjonar på ei unormal hending. Hjå oss er det plass til alle kjensler, tankar og reaksjonar – og til prosessar som kan ta litt tid.

Vi tør å spørje og vi toler å høre.

Vi veit at folk er ulike og har ulike behov. Vi samarbeider med andre instansar for å gje eit best mogleg tilbod til alle som kjem hit, og er tilgjengeleg for samtalar med nettverket deira der det er ønskjeleg.

Om ein treng tilrettelegging, tolk eller andre tilpassa tilbod så gjer vi det vi kan for å møte dei ulike behov. Alle tilsette har teieplikt.

## Hjelp til sjølvhjelp

Det finns ressursar i alle menneske som kan aktiverast, erobrast på nytt og mobilerast når vi møter utfordringar som gjer livet vanskeleg. Nokre gonger treng ein også rettleiing, fellesskap, støtte og reiskap for å mobilisera eigne ressursar til sjølvhjelp.

Alle tilboda våre er basert på prinsippet om hjelp til sjølvhjelp. Når ein tek kontakt med oss har ein allereie tatt dei første stega og starta å handsame utfordringane ein har i livet. Arbeidet med hjelp til sjølvhjelp tek utgangspunkt i kvar og ein sine ressursar og eiga forståing av situasjonen ein er i.

### Digital sjølvhjelp

#### - Ei plattform til hjelp for deg

I 2020 har vi utarbeida ei digital sjølvhjelpsplattform. Her har vi samla ulike verktøy som ein kan nytte seg av i kvardagen, og som er meint som ei hjelp i eige sjølvhjelpearbeid. Den digitale plattforma ligg på heimesida vår; Hjelp til sjølvhjelp (noksognogfjordane.no).

## Einesamtalar

Samtalar mellom brukar og fagleg rettleiar kan haldast på senteret eller utanfor senteret. Alle brukarane startar kontakten med senteret med einesamtale. I den fyrste samtalen fortel vi litt om korleis vi jobbar og kva vi kan hjelpe til med. Ein bestemmer sjølv kor mykje ein vil fortelje. Å kome til samtale er heilt uforpliktande. Dette inneber at ein har moglegheit for vidare oppfølging, men at ein også kan avslutte når ein sjølv vil. Vår erfaring er at mange ønskjer hjelp til å handtere vanskelege og ofte motsetningsfylte kjensler som nedbrote sjølvtillit og sjølvbilete, skam og skuld, oppleving av å mislukkast i familielivet, saman med sakn og sorg over kva ein har mista. I bearbeidande samtalar prøver vi å bidra til helingsprosess på fleire måtar:

- Gjere ferske minne om til hendingar i fortid
- Anerkjenne og gyldiggjere minne («der har skjedd»), slik at dei kan bleikne
- Hjelpe til med å få ein samanhengande historie
- Hjelpe den utsette til å forstå at ein er trygg, at overgrepa er over
- Hjelpe med å forstå reaksjonane etter overgrep (normalisere)
- Gje nye perspektiv på seg sjølv, det som har skjedd og framtid

Vi har samtaleverktøyet KOR tilgjengeleg og kan nytte dette ved behov og ønskje.

Bur ein langt unna kan vi avtale å ha samtalar på telefon.

## Telefonkontakt, e-post og sms

Fleire synest det er greitt å kunne ha nokon å ringje til, og dei geografiske forholda gjer at det ikkje er like lett å kome til senteret så ofte. Vi ser og ein stor pågang frå ulike samarbeidspartar og frå hjelpeapparatet i fylket. Denne kontakten gjeld som ofta spørsmål om senteret og våre tilbod, informasjon om seksuelle overgrep, førespurnad om å halde undervisning/foredrag, og råd/støtte i vanskelege situasjoner/saker. Nokre brukarar vel å kontakte oss via e-post og sms.

I 2020 har vi fått 652 e-postar og sms-ar frå brukarar, og vi har hatt 602 einesamtalar på telefon.

## Nettverkssamtalar/pårørandesamtalar

Både brukarar, partnarar og pårørande kan ha samtalar på senteret. Dersom ein ønskjer å ha med andre på samtale, til dømes lege, psykolog, lærar, andre fagpersonar eller pårørande, kan vi avtale ein nettverksamtale/pårørandesamtale. Dette kan vere bra der som ein treng at fagpersonar eller andre skal samarbeide med oss, eller at ein berre vil ha med seg nokon for å føle seg tryggare. Som pårørande til personar utsett for seksuelle overgrep, kan ein ha mange spørsmål, erfaringar og kjensler som ein har behov for å snakke om. Vi har kunnskap og erfaring til å hjelpe, anten ein er forelder, anna familiemedlem, partnar eller ven.

## Samarbeid med hjelpeapparatet

Vi har eit tett samarbeid med hjelpeapparatet i heile fylket der vi deltek og bidreg i samband med fagdagar, kurs og andre samarbeidsforum. Samarbeid rundt den ein-skilde brukar med ulike offentlege tenester i hjelpeapparatet i fylket har auka mykje for oss dei siste åra. Vi ser berre positivt på

denne auken og på samarbeidet med dei andre instansane, som gjev brukarane eit meir heilskapleg tilbod.

## Juridisk rådgjeving

Nok. Sogn og Fjordane har inngått eit samarbeid med advokat Lene Knapstad. Ho gjev tilbod til brukarar ved senteret om juridisk bistand. Tilboden er gratis for brukarane.

## Samtale med sexolog

Nok. Sogn og Fjordane har også inngått samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar, og det kan vere vanskeleg å skilje eiga seksualitet frå overgrepa, fordi mange ikkje har ein oppleveling av å eige si eiga seksualitet. Ved å jobbe med temaet kan ein få eit bra, godt og sunt forhold til seg sjølv og eiga seksualitet.

## Oppsökjande verksemd

Dette omhandlar undervisning/opplysningsarbeid, samarbeidsmøte, deltaking i ulike fora i det offentlege hjelpeapparatet, førelsing og liknande.

Dette er viktig for å arbeide førebyggjande og auke kompetansen rundt seksuelle overgrep. Vi har nokre faste opplegg som vi tilbyr ut i kommunane.

## Til dei tilsette i barnehagane

*Hjartesamling* er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg. Metoden er utvikla av barnehagelærar Mats Alexander Johansen i samarbeid med Smiso Troms og er eit førebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep.

Samlingane er lagt opp etter fem tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå. Tema i rekjkjefølgje:

1. Berøringar
2. Kjensler
3. Mobbing
4. Kroppen
5. Hemmelegheiter

## Til alle grunnskuleelevar i primært 6.trinn

Undervisningsopplegget Nok. bruker er utvikla av Smiso i Vestfold. Det er evaluert av Tønsberg kommune og seniorrådgjevarar frå Barneombodet, og kvalitetssikra av RVTS. Undervisninga omfattar desse tema;

1. Gode og vonde berøringar
2. Gode og vonde hemmelegheiter
3. Kropp, sex og private områder
4. Seksuelle overgrep og incest
5. Porno, og kva ein kan oppleve på nett og sosiale media
6. Skilsmisse, rus, vald, psykisk sjukdom i heimen
7. Trygge vaksne
8. Å vere ein besteven

I 2020 har vi undervist 102 klassar i grunnskulen og nådd ut til ca. 1400 elevar. På nokre av skulane har vi og undervist lærarar og tilsette.


## Våre mål for undervisninga:

- Bevistgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep, og andre vonde og vanskelege opplevelingar i livet.
- Førebyggje og legge til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe utsette til å søkje hjelp.
- Forhindre potensielle overgripalar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape

gode haldningar i forhold til pubertet og utprøvande seksualitet i denne alderen.

- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn.
- Synleggjere for overgripalar at vi er ute på skulane og snakkar med barna.

Mange barn har i etterkant av undervisninga ønska ein samtale med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting. Sakar vi har fått del i, som har kravd vidare tiltak, har deretter blitt overført til kontaktlærar, helsesøster eller rektor. Saman har vi drøfta vidare tiltak, og aktuelle instansar har blitt kontakta der det har vore nadsynt.



## Til russen i fylket

Russetida skal vere ei kjekk tid, og vi ønskjer at all russ skal sitte att med gode minne frå denne tida. Diverre opplever vi kvart år å få inn personar som har opplevd valdtekst i russetida. Vi veit at 40% av alle valdtekter i Noreg er festrelaterte og blir utført av nokon ein kjenner. Kan vi gjere noko for å hindre at dette skal skje? Det hjelper i alle fall ikkje å sitte på gjerdet og vente, ein må snakke om det. Vi tilbyr oss å kome til skulane for

å halde ein appell og vise ein video, nokre år delar vi og ut boksar-shortsar til russe. På gutane sine står det; «Eg tek ansvar», på jentene sin står det; «Spør meg først».



Bildetekst bildetekst Bildetekst bildetekst  
Bildetekst bildetekst Bildetekst bildetekst Høgre  
opplosning?

#### Til andre instansar

Mange yrkesgrupper, arbeidsplassar og utdanningsinstitusjonar ønskjer meir informasjon og undervisning om seksuelle overgrep og om senteret si verksemnd. Vi ønskjer å bidra til auka kunnskap om overgrep, konsekvensane og seinskadane ~~det~~ kan få, og tilbyr ulike føredrag om dette. Vi

prøvar å skreddarsy opplegg slik at det skal bli mest mogleg matnyttig for dei som tek kontakt.

#### Tilbod til alle kjønn

Nok. Sogn og Fjordane er eit tilbod for alle kjønn. Det er viktig for oss å ha eit likeverdig tilbod til brukarar av alle kjønn. Tilboden vårt inkluderer alle uansett kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller seksuell orientering. I vårt opplysningsarbeid prøver vi å synleggjere at vi gjev tilbod til alle kjønn.

At mange overgropsutsette kjenner på ein høg terskel for å fortelje nokon om overgrep, er noko dei tilsette på sentera veit godt. Frykt for diskriminering kan gjere terskelen høgare. Fleire studiar viser at overgropsutsette menn fryktar for å bli diskriminert når dei tek kontakt med hjelpestilbod for overgropsutsette. På senteret har vi denne kunnskapen om overgrep og kjønn. I 2020 har 17 av brukarane som har kontakta oss per telefon vore mannlege brukarar. 9 av brukarane som har vore innom senteret har vore menn.

#### Tilbod til brukarar med etnisk minoritetsbakgrunn

Nok. Sogn og Fjordane ser at menneske med etnisk minoritetsbakgrunn er ei viktig gruppe å nå med tilboden vårt. Senteret har eit tilpassa tilbod som inkluderer alle uansett etnisk, kulturell eller religiøs tilhøyre. Eit tilpassa tilbod til fleirkulturelle inneber blant anna å forstå kulturelle kontekstar, å forebygge mot diskriminering og utadretta arbeid. Vi har utarbeidd ein brosjyre primært til bruk på helsestasjonar. Denne er oversett til fire ulike språk. På den nye nettsida vår kan ein lese om oss på fleire språk, Om oss - Nok. Sogn og Fjordane

## Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er viktig i arbeid med overgropsproblematikk. Ein arbeidar mot å verte aktiv deltakar i eige liv, og finne eigenverd og integritet. Det å vere deltagande og klargjere eiga rolle er viktige moment i den enkelte brukar sitt arbeid vidare.

Det er viktig for senteret at brukarane er med å vise vegen vidare, og at brukarar og tilsette i fellesskap kan arbeide for eit best mogleg senter, og for førebygging av seksuelle overgrep mot barn.

#### Brukarrepresentant

Rolla til brukarrepresentanten er å vere brukarane sitt talerøyr, samarbeide med leiar

og dei tilsette for å heile tida utvikle senteret på best mogleg måte, og vere brukarane sin representant i styret. Brukarrepresentanten skal vere tilgjengeleg for kontakt med brukarar ved senteret i tilfelle der brukarar ikkje ønskjer å ta direkte kontakt med leiar eller tilsette ved senteret.

Brukarrepresentanten til Nok. Sogn og Fjordane har vore aktivt deltagande på styremøte. Ho er tilgjengeleg og har lagt ut informasjon om brukarrepresentanten si rolle på heimesida vår. Brukarrepresentanten vår gjer ein utruleg viktig jobb for senteret. I 2020 var ho konferansier og eit ansikt ut ved visning av filmen «Alt det jeg er» til ein fullsett kinosal med inviterte frå ulike faginstansar.

## Lokale

Nok. Sogn og Fjordane leiger ein einebustad i Hornnesvegen 1 i Førde, leigekostnaden har frå mai 2020 vore på kr 24 000 per månad. Bustaden ligg sentralt plassert i Førde i skjerma omgjevnader. Bygningen er frå 1974, hovudetasjen er ca. 135 m<sup>2</sup>, og den delen av underetasjen vi disponerer er ca. 45 m<sup>2</sup>. Det er ein stor opparbeida hage på 1000 m<sup>2</sup> som gjev oss mange moglegheiter til utandørs aktivitetar.

I hovudetasjen har vi 3 kontor/samtalerom, toalett, bad med wc, vaskerom, kjøkken og stor stove. Stova vert og nyttta som kurslokale og er tilrettelagt med lerret og projektor. I kjellaren har vi ei kjellarstove som vert brukt til aktivitetsrom, møterom

med videokonferanseutstyr, samt eit rom til massasjestol. Senteret er tilrettelagt for rullestolbrukarar.



# Kompetanse

## Fagkompetanse


Dei tilsette ved Nok. Sogn og Fjordane har alle høgare utdanning, og kompetansen sentret innnehalar er:

- Bachelor i yrkesfaglærar i helse- og sosial-fag
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Fitness grunnkurs, kunnskap om blant anna anatomi, fysiologi, grunnleggjande treningslære, biomekanikk, samt fysisk aktivitet og helse.
- Førskulelærar med vidareutdanning i spesialpedagogikk
- Pedagogisk rettleiar
- Sosionom
- Administrasjon, leiing og organisasjon
- Idrettsmassør
- Helseleiing
- Hjelpepleiar

## Kompetansehevande kurs i 2020

Vi har personleg rettleiing i gruppe og/eller individuell rettleiing for dei tilsette. Rettleiingane bidreg til tryggleik, auka fagkunnskap, kvalitetssikring og trivsel.

RVTS Vest står for den faglege rettleiinga, og rettleiar er Inge Nordhaug. Den personlege rettleiinga får vi frå Dialogassistance AS ved psykolog Wenche Søvik Myklebust.



I tillegg har tilsette ved Smiso deltatt på følgjande kurs og seminar:

- Fagdag om dissosiativ lidelse v/ Arne Blindheim, Klinikks for krisepsykologi
- Sant og Usant - «Alt det jeg er»-prosjektet, v/Sara Winge-Sørensen
- Tilsynsførar si rolle v/Sunnfjord barneværn
- «Fagdag om barn med SSA» v/ Steinar Hvål, RVTS Vest
- Strategisk kommunikasjon, endringskommunikasjon og ulike medium, v/Anne Mette Hjelle, rådgjevar/konsulent strategisk kommunikasjon
- Førebyggjande undervisning til 3. trinn i grunnskulen, arrangør Smiso Tromsø
- Webinar om; Samtalar med barn og unge, vald og overgrep, v/RVTS vest og Fylkesmannen
- E-læringskurs; Mangfold og muligheter, innsats og omsorg for mennesker med utviklingshemming. Ingen hemmeligheter. Forebygging og håndtering av seksuelle overgrep v/ Stiftelsen SOR
- E-læringskurs; Vold og seksuelle overgrep mot barn v/RVTS Nord
- Dagleg leiari har delteke på fem leiarnettverk i regi av Nok. Norge i 2020

# Informasjonsarbeid

For oss har det vore viktig å drifta og gjere senteret og tenestene våre kjend i fylket, slik at vi når ut til og kan tilby høg fagleg kvalitet til brukarane og ulike hjelpeinstansar. Vi vil bidra til at menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep opplever nye moglegheiter til å leve med sin historie. Vidare vil vi bidra til utvikling og formidling av kunnskap for å kjempe mot og førebyggje incest og seksuelle overgrep i fylket vårt.

## Media

Media er viktig i arbeidet rundt openheit om seksuelle overgrep. Vi tenker det er viktig å gi både tematikken og brukarane våre ei stemme, enten det handlar om informasjon, debatt eller kommentere saker vi blir bedne om. I 2020 har vi vore 15 gongar i media. Vi har vore i lokalavisene Firdaposten, Firda, Sogn Avis og Fjordenes Tidene, vi har også vore i IFørde-magasinet, samt i NRK Vestland Radio.


## Heimeside

Heimesida vår er viktig i marknadsføringa av senteret og for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og tilboda til Nok. Sogn og Fjordane. For fleire av brukarane våre er det eit alternativ å søkje informasjon på ein informativ, anonym og trygg måte.

I november 2020 fekk vi ei felles nettside for alle Nok. sentera i Noreg, samt ei ny nettside for Nok. Sogn og Fjordane. Med dette håpar vi at fleire i målgruppa får kjennskap til tilbodet vårt, tydeleggjere at det finnast tilsvarande tilbod over heile landet og betre landsdekkande kommunikasjon.

## Facebook og Instagram

Nok. Sogn og Fjordane er også på Facebook. Gjennom arbeidet med profilendringa har vi gjort ulike framstøyt på Facebook, og har sidan 19.november til i dag fått 1000 nye følgjarar. I november oppretta vi også Instagram



profil, her har vi fått ca. 170 følgjarar.  
Aktiviteten har vore aukande.

## Informasjonsmateriale

Vi er opptekne av at informasjonen som kjem frå Nok. Sogn og Fjordane skal vere god og informativ, både til brukarane og til samarbeidspartane. I 2020 har vi fornya det meste av vårt informasjonsmateriale slik at det skal vere i tråd med ny profil og bodskapsplattform. Noko arbeid står att før vi er i mål med endring av alt informasjonsmateriale.



Hovudbrosjyren vår er sendt ut til alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane med oppmoding om å leggje den tilgjengeleg på legekontor, helsestasjonar og andre aktuelle stadar.

Vi deler ut ei brosjyre «*Info til barn og unge*» til alle elevane etter at vi har undervist i grunnskulen. Denne oppsummerar deler av undervisninga, den har og fått nasjonal merksemd, noko vi sjølv sagt er stolte over. Brosjyren «*Visste du at?*» utarbeida vi til helsestasjonane i fylket i 2017, den vert no delt ut til alle småbarnsforeldre. Målet med denne er å:

- Styrke barna sitt omgrevsapparat, sjølvkjensle, eigenverd og respekt for identitet, kropp og grenser. Dette set barnet i stand til å skilje mellom positiv og problematisk beröring. Å melde frå til ein vaksen er viktig for å motverke overgrep.
- Styrke foreldra sin kunnskap og bevisstheit om barn sin naturlege seksuelle utvikling og korleis denne kjem til uttrykk i leik og åtferd. Dette vil gje foreldra moglegheit til å skilje mellom naturleg seksuell utvikling og seksual-åtferd som det kan vere grunn til å bekymre seg for.

Brosjyren «*Visste du at?*» finst på norsk, engelsk, polsk, arabisk og somalisk. Både denne brosjyren og anna informasjonsmateriale kan lastast ned frå heimesida vår www.noksognogfjordane.no

## Fagleg bidrag til hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane

Kunnskapsformidling og informasjon om temaet seksuelle overgrep mot barn ser vi på som avgjerande i vårt førebyggjande arbeid. Innsikt i overgrepsproblematikk, og ikkje minst auka tryggleik i korleis snakke med barn og vaksne om overgrep fremmar handlingskompetanse. Ein vaksen som vågar å ta tak i og kommunisere om det som er vanskeleg kan vere avgjerande for å komme ut av tytnaden for utsette barn.

Det er viktig for oss at vi får presentert senteret og tilboda våre til hjelpeapparatet i fylket. Både for å auke fokus på problematikken seksuelle overgrep, auke kunnskapen og nå brukarar via det offentlege hjelpeapparatet.

I 2020 har vi hatt 83 foredrag/fagdagar/undervisningar for ulike instansar i fylket vårt. Vi har nådd ut til ca. 2323 personar.

Vi er særstolte over dette i eit år der Noreg store deler av året har vore prega av ulike koronatiltak. For oss vart det viktigare enn nokon gong å nå ut med informasjonsarbeidet vårt, vi er her for ei sårbar gruppe som fort kan bli endå meir sårbar i den situasjonen landet har vore i. Nokre nye løysingar med digital undervisning og digitale møte har det blitt, men vi har og opplevd stor velvilje frå offentlege instansar i Sogn og Fjordane for å leggje til rette for at vi skulle nå ut med bodskapet vårt.

## Arbeid, utvikling og samarbeid

### Fokus på arbeids- og utviklingsoppgåver

Tilboda våre skal vere eit supplement til hjelpeapparatet. Det faglege tilbodet ved senteret skal gje hjelp til sjølvhjelp som eit alternativ til, eller eit tillegg til behandling i det offentlege hjelpeapparatet.

Vi har fokus på å nå ut til heile fylket. Som eit resultat av aktiv oppsökande verksemd med informasjon, undervisning og rettleiing, ser vi at det er fleire i hjelpeapparatet som aktivt brukar oss. Vi ser og at det er fleire brukarar som tek kontakt etter anbefaling frå ulike hjelpeinstansar.

Mange brukarar av Nok. har vore, er eller har kontakt med det offentlege hjelpeapparatet. For at kvar einskild skal få ei heilskapleg og god behandling er det viktig av vi samarbeider med relevante instansar, etter samtykke med brukar.

### Samarbeid med kommunar

Nok. Sogn og Fjordane har eit godt samarbeid med vertskommunen Sunnfjord. Vi er implementert som ein del av tenestetilboda kommunen har og er tatt med i den kommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar som vertskommunen har utarbeida.

Vi samarbeider også med alle bidragskommunane (17 kommunar i gamle Sogn og Fjordane):

- I mange av kommunane ligg vi inne på heimesida som ein del av tenestetilbodet til innbyggjarane.
- Vi samarbeider med alle grunnskulane og helsestasjonane i bidragskommunane i fylket om førebyggande arbeid.
- Vi har inngått samarbeid med barnehage-sektoren i nokre av kommunane i fylket, målet er å inngå eit slikt samarbeid med alle kommunane.



Bildetekst?

- Nok. Sogn og Fjordane er ein aktør med spisskompetanse innan seksuelle overgrep, og blir ofte invitert inn for å halde foredrag på ulike kommunale og fylkeskommunale fagdagar, kurs og seminar.

### Samarbeid på fylkesnivå

Etter samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke er det no to senter i fylket. Nok. Bergen som ligg i Bergen og Nok. Sogn og Fjordane som er lokalisert i Førde. Dei to sentera har tidlegare lagt under ulike avdelingar i sine fylke. Senteret i Bergen har vore tilknytt opplæringsavdelinga i Hordaland fylke og senteret i Førde har vore under folkehelse i Sogn og Fjordane fylke.

Vi har hatt møter med den nye fylkeskommunen for å einast om kvar sentera framover skal høyre til. Vestland fylkeskommune har no plassert begge sentera under folkehelse.

Nok. Sogn og Fjordane føler seg godt motteken i det nye fylket. Tidlegare Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore flinke til invitere oss til ulike faglege forum. Dette håpar vi framleis vil gjelde i Vestland fylke når det vert meir normale tilstandar i landet. Vi opplever mange positive tilbakemeldingar både på fylkes- og kommunenivå.

## Samarbeid med RVTS og helseføretak

RVTS Vest er ein viktig samarbeidspart på fagleg og overordna nivå for oss. Vi har, som tidlegare nemnd, fagleg rettleiing frå RVTS Vest. Vi har og styremedlem frå RVTS Vest, og kjenner at det er ein tryggleik i at arbeidet vi gjer vert kvalitetssikra på fleire nivå. Vi ser og at vår kompetanse om RVTS Vest sin funksjon er nyttig for andre i hjelpeapparatet som vi treff. Vi deler denne kompetansen og formidlar kontakt vidare om naudsynt.

Nok. Sogn og Fjordane tek i mot midlar frå Helse Vest. Midlane blir disponert i samsvar med våre retningslinjer og vedtekter, og vert gitt for å støtte oss som eit brukarorientert tilbod. Brukarmedverknad og sjølvhjelp er viktige nøkkelord for organiseringa vår.


## Samarbeid med andre

Vi har eit godt samarbeid med fleire offentlege og private instansar i fylket. Vi opplever at det er eit gjensidig nytte-forhold for einskilde brukarar at vi samarbeider med ulike instansar. Samarbeidet gjer det lettare for oss og for dei. I tillegg er det nyttig å kunne gje informasjon til brukarar som kan ha behov for dei ulike tenestene/tilboda som er.


- Vi har etablert samarbeid med advokat Lene Knapstad, som gjev gratis juridisk rettleiing til brukarane våre på senteret.
- Vi har samarbeid med overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, og ser det som viktig at vi har kunnskap om kvarandre og tilboda våre. Overgrepsmottaket har no som fast prosedyre å informere om senteret, dei gjev og tilbod til sine pasientar om å formidle kontakt med oss.
- Vi har etablert samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly, som kjem til senteret og tilbyr samtalar med brukarar som ønskjer det. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar.
- Vi har eit godt og tett samarbeid med alle helsestasjonane i alle våre samarbeidskommunar, og spesielt med alle helsesukepleiarane som jobbar i skulehelsetenesta. Dei er med oss på alle undervisningar som vi har i grunnskulen, og er bindeleddet mellom senteret og alle skulane.
- Vi har også eit tett samarbeid med sku-

lektoren i alle samarbeidskommunane grunna det førebyggjande arbeidet vi har i grunnskulen.

- Vi har samarbeid med Statens Barnehus, som er ein viktig rådgjevande instans for oss både i einskildsaker og på generelt grunnlag.
- Vi har samarbeid med TOO-teamet (Tortur- overgrep og odontofobi) i fylket. TOO-teamet er eit tannhelsetilbod til hjelp for å kunne meistre vanleg tannbehandling.
- Vi har samarbeid med einskilde psykologar, fast legar og psykomotorisk fysioterapeut.
- Vi har samarbeid med Linda Rognø på Hestegarden. Ho driv «Inn på tunet gard» på Sande.
- Elles har vi også samarbeid med nokre av miljøkoordinatorane på dei vidaregåande skulane, politi, ute kontakten i Sunnfjord kommune, SLT team (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak) og andre lokale organisasjonar.



Ordførar i Sunnfjord kommune deltok i framsnakkinga av Nok. Sogn og Fjordane etter namneendringa.



## Revisjonserklæring og årsrekneskap

pr 31.12.20 →

## Resultatregnskap




Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Inntekter - tilskudd		4 139 400	3 647 125
Annen driftsinntekt	6	3 655	35 726
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>4 143 055</b>	<b>3 682 851</b>
Lønnskostnad	1	3 060 703	2 567 142
Annen driftskostnad	1	1 051 365	1 140 557
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>4 112 068</b>	<b>3 707 699</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>30 987</b>	<b>-24 848</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		2 659	3 694
Annen rentekostnad		0	74
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>2 659</b>	<b>3 620</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>33 646</b>	<b>-21 228</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>33 646</b>	<b>-21 228</b>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital	5	33 646	-21 228
<b>Sum overføringer</b>		<b>33 646</b>	<b>-21 228</b>



## Balanse

Eiendeler	Note	2020	2019
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftslosøre, inventar o.a. utstyr	2, 3	0	0
<b>Sum varige driftsmidler</b>	2	0	0
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Andre kortsiktige fordringer		10 000	20 000
<b>Sum fordringer</b>		10 000	20 000
<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	1 178 087	1 038 834
<b>Sum bankinnskudd, kontanter o.l.</b>		1 178 087	1 038 834
<b>Sum omløpsmidler</b>		1 188 087	1 058 834
<b>Sum eiendeler</b>		1 188 087	1 058 834

## Balanse

Egenkapital og gjeld	Note	2020	2019
<b>Egenkapital</b>			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital	5	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	5	422 092	388 446
Sum opptjent egenkapital		<u>422 092</u>	<u>388 446</u>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>522 092</b>	<b>488 446</b>
<b>Gjeld</b>			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		121 433	29 203
Skyldig offentlige avgifter		263 452	255 748
Annen kortsiktig gjeld		281 110	285 437
Sum kortsiktig gjeld		<u>665 995</u>	<u>570 388</u>
<b>Sum gjeld</b>		<b>665 995</b>	<b>570 388</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>1 188 087</b>	<b>1 058 834</b>

Førde , 17.02.2021  
 Styret i Nok. Sogn Og Fjordane  
  
Kurt Even Andersen  
 Kurt Even Andersen  
 styreleder  
  
Inge Arnt Nordhaug  
 styremedlem  
  
Frode Kyrkjebø  
 styremedlem  
  
Trude Merete Lundekvam  
 styremedlem

  
Gro Anita Solheim  
 Gro Anita Solheim  
 styremedlem  
  
Chatrine Elholm  
 Chatrine Elholm  
 daglig leder

## Noter til regnskapet 2020

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.  
 Årsregnskapet er avlagt under forutsetningen om fortsatt drift.

### Salgsinntekter

Offentlige tilskudd inntektsføres i henhold til tilsagn og fordeles jevnt over året.  
 Andre inntekter resultatføres når de er opptjent som normalt vil være på leveringstidspunktet.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretslopet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi.

Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler. Postene det gjelder vil være blant de postene som omhandles nedenfor.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært til restverdi over driftsmidlene forventede utnyttbare levetid. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Utgifter til leie av driftsmidler kostnadsføres. Forskuddsbetalinger balanseføres som forskuddsbetalt kostnad, og fordeles over leieperioden.

### Nedskrivning av anleggsmidler

Ved indikasjon på at balanseført verdi av et anleggsmiddel er høyere enn virkelig verdi, foretas det test for verdifall.

Tidligere nedskrivninger, med unntak for nedskrivning av goodwill, reverseres hvis grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning for tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

### Pensjoner

Premier til innskuddsbasert pensjonsordning organisert gjennom livsforsikringsselskap kostnadsføres den perioden innskuddet gjelder og inngår blant lønnskostnader i resultatregnskapet. Pensjonsforpliktelser knyttet til AFP-ordning for selskapets ansatte balanseføres ikke. Forpliktelser eller pensjonsmidler knyttet til kollektiv forsikret pensjonsordning balanseføres ikke.

## Noter til regnskapet 2020

### Note 1 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

Lønnskostnader	2020	2019
Lønninger	2 569 433	2 130 605
Arbeidsgiveravgift	273 829	228 323
Pensjonskostnader	187 725	173 103
Andre yteler	29 716	35 111
<b>Sum</b>	<b>3 060 703</b>	<b>2 567 142</b>

Gjennomsnittlig antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	4	4
---	---	---

Yteler til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	756 167	0
Styreonorar	0	26 100
Annen godtgjørelse	5 477	0
<b>Sum</b>	<b>761 644</b>	<b>26 100</b>

#### OTP

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.  
Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

#### Revisor

Kostnadsført honorar til revisor for 2020 utgjør kr 40 625,- inkl mva	
Lovpålagt revisjon	28 125
Andre tjenester	12 500
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>40 625</b>

### Note 2 Anleggsmidler

	Driftsløsøre, inventar ol.	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.20	100 000	100 000
= Anskaffelseskost 31.12.20	100 000	100 000
Akkumulerte avskrivninger 31.12.20	100 000	100 000
= Bokført verdi 31.12.20	0	0

Økonomisk levetid

3 år

## Noter til regnskapet 2020

### Note 3 Fordringer, gjeld, pantstillelser og garantier m.v

	2020	2019
Fordringer med forfall senere enn ett år	0	0
Langsiktig gjeld med forfall senere enn fem år	0	0
<b>Gjeld som er sikret ved pant o.l.</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Gjeld til kreditinstitusjoner	0	0
Øvrig langsiktig gjeld		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Balanseført verdi av pantsatte eiendeler</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Driftsløsøre, inventar og utstyr	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Note 4 Bankinnskudd

	2020	2019
Bundne skattetreksmidler	170 525	159 918

### Note 5 Egenkapital

	Grunnkapital	Annен egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 01.01	100 000	388 446	488 446
Årets resultat		33 646	33 646
Pr 31.12	100 000	422 092	522 092

### Note 6 Mottatte gavemidler

Førde IL	3 655
<b>Totalt</b>	<b>3 655</b>



BDO AS  
Naisomhed  
Serviceboks 15  
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til styret i NOK Sogn og Fjordane

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til NOK Sogn og Fjordane.

#### Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2020
- Resultatregnskap for 2020
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

#### Etter vår mening:

Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Annен informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsmelding (men inkluderer ikke regnskapet og vår revisjonsberetning til regnskapet).

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

#### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.



## Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### Uttalelse om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

#### Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Molde, 17.februar 2021

BDO AS

Henning Rødal  
statsautorisert revisor



Kompetansesenter  
mot seksuelle overgrep

Sogn og  
Fjordane



## Her finn du oss

Hornnesvegen 1, 6809 Førde

Tlf: 57 72 10 70  
[post@smiso-sf.no](mailto:post@smiso-sf.no)  
[www.noksognogfjordane.no](http://www.noksognogfjordane.no)

Følg oss på Facebook og instagram

@noksognogfjordane  
 nok.sognogfjordane



Hjelpetelefonen for  
seksuelt misbrukte:

**800 57 000**

Alarmtelefon  
for barn og unge:

**116 111**